



Arkivnr: 2014/11265-3
Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.05.2014

Fordeling av regionale næringsfond 2014

Samandrag

I samband med handsaminga av «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014*» (sak 32/2014) vedtok fylkesutvalet å avsette ei ramme på 4,0 millionar kroner til regionale næringsfond. Retningslinjer for forvaltning og fordeling av midlar til regionale næringsfond blei vedteke av fylkesutvalet i 2007. Saman med dei nasjonale retningslinjene frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) gjev dette rammer for denne forvaltninga. For å ta omsyn til kva regionane kan forventast av årlege tildelingar, og omsynet til å kunne gjere ulike prioriteringar på fylkesnivå, blei det i 2007 vedteke ein tredelt modell for fordeling av regionale næringsfond kor 20 % av ramma blir fordelt som eit likt basistilskott på alle regionane, 60 % av ramma blir fordelt i høve til ei distriktsvektning av kvar region og 20 % av ramma blir fordelt av fylkesutvalet. Fylkesrådmannen legg med dette fram forslag til fordeling av midlar til regionale næringsfond i 2014 i tråd med desse retningslinjene og etter dialog med regionane.

Forslag til vedtak

- Ramma for regionale næringsfond på 4 000 000 kroner for 2014 blir fordelt slik:

Sunnhordland	kr 1 175 000,-
Hardanger	kr 1 244 000,-
Voss – Vik	kr 424 000,-
Bjørnefjorden	kr 236 000,-
Sotra/Øygarden	kr 200 000,-
Osterfjorden	kr 456 000,-
Nordhordland	kr 265 000,-
- Fylkesutvalet legg til grunn at også nabofylka bidreg med midlar til fylkesoverskridande regionale næringsfond dersom desse fonda skal støtte prosjekt i nabofylket.

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 12.05.2014

Saka gjeld fordeling av regionale næringsfond for 2014. Under handsaminga av «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014*» (sak 32/2014) vedtok fylkesutvalet å avsette ei ramme på 4,0 millionar kroner til regionale næringsfond. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) hadde i utgangspunktet fjerna skjønnsfordelinga til kommunale- og regionale næringsfond frå statsbudsjettet i 2014, etter at det i 2013 var øyremerkt 10,8 millionar kroner til formålet. For at ordninga ikkje skulle bli null ut, vedtok fylkesutvalet å prioritera delar av omstillingsmidlane til regionale næringsfond. Omstillingsmidlane er ikkje lenger øyremerkt til formålet, og kan fylgjeleg omprioriterast dersom fylkeskommunen ser behov for det. Etter omprioriteringa står det igjen 2,0 millionar kroner til særskilte omstillingsbehov.

Midlane til dei regionale næringsfonda skal gi regionane, i samarbeid med kommunane, betre høve til å leggje til rette for auka vekst, verdiskaping og sysselsetjing ut frå lokale fortrinn og potensial. Midlane skal medverke til å realisere fylkeskommunale mål for næringsutvikling innan entreprenørskap og innovasjon og tiltak retta mot næringsretta kompetanse, næringsretta infrastruktur og nærings- og innovasjonsmiljø.

1. Retningslinjer og geografisk verkeområde

Fylkeskommunen står ikkje heilt fritt i korleis midlane kan bli brukt. Tiltak som vert prioriterte over posten, må vere i tråd med vilkåra KMD set for bruk av løyvingar over Kap 551.60 i statsbudsjettet. Vidare må dei vere i tråd med retningslinjer fastlagt av Fylkesutvalet.

Av dei sistnemnde retningslinjene kan nemnast:

- Midlane skal forvaltast i tråd med «*Regional næringsplan for Hordland*» og prioriteringar i «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014*».
- Midlane kan nyttast til både tilrettelegging for næringsutvikling og direkte bedriftsstøtte, men sistnemnde føremål må vere innafor regelverket for bagatellstøtte.
- Styra for næringsfonda skal bestå av ordførarar (som skal ha fleirtal), representantar frå næringslivet, næringsforeiningar eller andre regionale og lokale aktørar innafor næringsutvikling.
- Midlane skal i hovudsak nyttast innafor det distriktspolitiske verkeområdet. Skal midlane nyttast i sone 1-kommunar (kommunar som er utanfor verkeområdet), må tiltaka vere i tråd med sentrale mål og prioriteringar i Regionalt Utviklingsprogram og dei bør komme heile fylket til gode.

Elles gjeld mellom anna desse retningslinjene frå KMD:

- Midlane kan ikkje nyttast til å finansiere investeringar i og/eller ordinær drift og vedlikehald av statlege, fylkeskommunale eller kommunale driftsoppgåver, forvaltning, velferdsproduksjon og offentlig forretningsverksemd.
- Midlane skal ikkje nyttast til direkte eller indirekte investering i eigenkapital i verksemdar.
- Skal i hovudsak nyttast innanfor virkeområdet for dei distriktspolitiske verkemidla (sonene II, III og IV).
- Tilskot og støtte må tildelast i samsvar med EØS-avtala.

I den modellen som Fylkesutvalet vedtok i 2007 som grunnlag for fordelinga av ramma på regionane, er eit overordna mål å få ei sterk prioritering av dei regionane med dei største distriktspolitiske utfordringane. Det er utvikla tre ulike tildelingskriterier:

Basistilskott: 20 % av ramma (fordelast likt mellom regionane, med unntak av at Voss-Vik-Aurland får halvparten av kva dei andre får sidan regionen er fylkesoverskridande).

Sonetilskott: 60 % av ramma med slik vekt:

- Sone 2-kommunar: vekta 0,1
- Sone 3-kommunar: vekta 0,3
- Sone 4-kommunar, vekta 0,6

Skjønstilskott: 20 % av ramma vert fordelt i høve til prioriteringane i «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014*» og etter innspel frå regionane.

2. Rapport 2013:

	Sunnhordland	Hardanger	Voss	Nordhordland	Bjørnefjorden	Gode Sirklar	Osterfjorden
Saldo pr. 1/1 2013	438 000	1 404 000	12 000	112 000	224 000		1 636 000
Tildelt frå HFK 2013	3 230 000	3 425 000	1 133 000	1 088 000	640 000	500 000	954 000
Renter o.a. tilførsel		156 000	480 000	27 000	92 000		32 000
Tilbakeførte tilsegn		85 000		93 000	200 000		
Til fordeling i 2013	3 668 000	5 070 000	1 625 000	1 320 000	1 156 000	500 000	2 622 000
Tilsegn gitt i 2013:							
Energi				100 000			
Marine næringar		30 000			200 000	70 000	
Maritime næringar						80 000	
Reiseliv	912 000	669 000	240 000			120 000	200 000
Kulturnæring	260 000	460 000	60 000				
Landbruk	13 000	275 000	515 000				
Nær. kompetanse		580 000	250 000	75 000		180 000	670 000
Entreprenørskap	140 000	220 000	78 000	195 000		80 000	300 000
Innovasjon	380 000						
Internasjonalisering	30 000			300 000			
Lokalsamfunn	330 000	970 000	10 000	75 000			60 000
Utanfor RUP	50 000		12 000	370 000			
Administrasjon	151 000	285 000	437 000	3 000	13 000		10 000
Disponert i 2013	2 866 000	4 089 000	1 602 000	1 118 000	213 000	530 000	1 240 000
Overført til 2014	802 000	981 000	23 000	202 000	943 000	0	1 382 000

Gode Sirklar har ikkje rapportert i høve til innsatsområda i RUP. For denne regionen er det gjort ei vurdering basert på tilsegna.

I 2013 fordelte regionråda totalt sett ca. 9,2 millionar kroner av fondsmidla på 10,8 millionar kroner. Tilsegna frå dei regionale næringsfonda medverka samla sett til ein prosjektportefølje på over 83 millionar kroner. Det er stor breidde i kva pengane vert bruk til, men typiske prosjekt og tiltak er omdøme-satsing, samarbeid skule-næringsliv, rekrutteringstiltak til utdanningar eller utvalde bransjar og tilrettelegging for næringsareal med meir. Fleire av regionråda har ein relativ stor kapitalreserve som er overført til disposisjon i 2014. Samla sett er det over 4,3 millionar kroner. Ein mindre del av denne summen er tilbakeførte- og ubrukte tilsegn, men mesteparten er fondsmidlar som regionråda har samla opp.

3. Skjønsmidlane

Regionråda kan kome med innspel på bruk av skjønsmidlane. Med ei total løyving på 4 000 000 kroner til regionale næringsfond, skal 20 % – det vil seie 800 000 kroner – brukast som skjønnsmidlar. For inneverande er det kome fylgjande innspel og søknader frå regionråda:

- Hardangerrådet IKS søker Hordaland Fylkeskommune om 500 000 kroner i skjønsmidlar til arbeidet i Hardanger Næringsråd. Midlane skal nyttast av Hardanger Næringsråd til arbeidet med å utvikla ein overbygning av lokale næringslag/foreiningar/samskipnader i dei sju hardangerkommunane. Arbeidet har som målsetjing å utvikla eit interessefelleskap for næringslivet i Hardanger. Interessefelleskapet i Hardanger Næringsråd skal jobba for gode rammevilkår for næringsutvikling gjennom påverknadsarbeid og eigne prosjekt.
- Osterfjord-regionen søker om 200 000 kroner i skjønsmidlar for å styrkje forskningsbasert og næringsretta samarbeid med m.a. Høgskulen i Bergen. Stikkord for samarbeidet er kompetanseutvikling i CNC og robot-næringsmiljøet i Hordaland», utviklingsprosjektet Flettverk og teknologileiing og kunnskapsutvikling i lokale industriklynger.
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland søker om 75 000 kroner til omdømebygging, rekruttering og kompetane, og 200 000 kroner til ei næringsklynge med felles satsing på mat frå regionen.

- Gode Sirklar AS søker om skjønsmidler til Utvikling av nettverk for samarbeid mellom små og mellomstore bedrifter (SMB) i regionen, og kopling mellom disse og Utdannings- og Forskingsinstitusjonar i Bergensregionen. I tillegg søkjast det om midlar til utvikling av ei regionalt etablerartenestetilbod.

Fylkesrådmannen har prioritert dei aktivitetane/prosjekta som har dei mest gjennomarbeida planane og som er mest i tråd med prioriteringane i «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014*».

4. Total fordeling av midlane til dei regionale næringsfonda for 2014

Med utgangspunkt i retningslinene, prioriteringsmodellen og framlegget til fordeling av skjønsmidlane gjer fylkesrådmannen framlegg om følgjande fordeling i 2014.

Region	Basis-tildeling	Sone-tildeling	Skjønns-tildeling	SUM tildelt	2013 faktisk fordeling
Sunnhordland	145	830	200	1 175 000	3 230 000
Hardanger	145	899	200	1 244 000	3 425 000
Voss	75	349		424 000	1 133 000
Bjørnefjorden	145	91		236 000	640000
Gode Sirklar		-	200	200 000	500 000
Osterfjorden	145	111	200	456 000	954 000
Nordhordland	145	120		265 000	918 000
SUM	800	2 400	800	4 000 000	10 800 000